

dukt.

# STUDENTAVISA I TROMSØ

Organ for Tromsø-studentane  
Oktober 1977 2. årgang

**Kvinnefronten har gått i spissen for prevensjonskontor for ungdommen.**

Sjå side 10.

**Stort intervju med Raudt Kor og Raudt Korps på midtsidene.**

**Målrørsla har framgang.**

Sjå side 3.

## ELLERS:

- ⊛ Lesarinnlegg om Eritrea og Angola
- ⊛ Bokmeldingar
- ⊛ Helge Ramstad — stipendiatsak foran løysing?

## Pornobål i Tromsø

Fredag den 14. oktober hadde kvinneaktivister i Tromsø en aksjon mot porno. Ei av pornosjappene i Tromsø ble frarøva en del pornoblader som senere ble brent i et bål utenfor Paviljongen. Det samlet seg etterhvert bortimot 100 mennesker rundt bålet som var med på å rope slagord mot salg av kvinnekroppen og mot pornoindustrien. Flere av de som kom til og overvar brenninga og folk som passerte syntes dette var en bra aksjon og at det skulle ha vært fleire av samme sorten.


I appellen som ble holdt, ble det lovet krig mot pornoformidlarne her i Tromsø. Flere aksjoner vil bli holdt mot pornomafiaen til svineriet er borte.

Mens folk stod samlet rundt bålet, kom politiet og prøvde å gripe fatt i henn og holdt appellen. Da dette ikke lyktes, prøvde de å tilkalle oppmerksomhet via megafon uten at dette heller lyktes dem. Etter å ha fått forsterkningar til stedet, grep de fatt i ei av jentene rundt bålet og forsøkte å dra henne inn i politibilen. Igjen et mislykket forsøk.

I stedet for å gå til angrep på de som skaffer seg profitable summer på salg av kvinnekroppen, men sloss mot den. Vi synes det er fint at kvinnene sloss mot pornoindustrien sitt hån mot kvinnekroppen og salg av denne, og oppmoder flere kvinner og jenter til å gjøre det samme.



## De som støtter oppsigelsene boykotta Tromsfiskhøringa



Fra høringa om Tromsfisksaka.

Til Tromsfiskhøringa som ble holdt torsdag 13/10 i Folkets Hus var bedriftsledelsen, foreningsformannen på Tromsfisk og journalist H. K. Sørensen innbudt til å sitte i panelet. Alle disse som støtter oppsigelsene på Tromsfisk uteble fra høringa. I den forbindelse vedtok de som

var tilstede enstemmig følgende uttalelse:

«Vi vil sterkt beklage at de innbudte til panelet — bedriftsledelsen, representanter fra NNN ledelsen — Harald Johannesen, Kåre Henriksen fra foreninga på Tromsfisk, journalist H.K. Sørensen, ikke ville møte fram og ta del

i en åpen debatt om oppsigelsene på Tromsfisk. Vi tar det som et uttrykk for at alle disse som på forskjellige måter har støtta de usakelige oppsigelsene, ikke kan begrunne standpunktet sitt i en offentlig diskusjon. At de ikke møter fram viser at de frykter sannheten og har noe å skjule».



# STUDENTAVISA I TROMSØ

Redaksjonen:  
Solbjørg Lajord, Ørjan B. Dahl  
(ansvarlege), Jostein Karlsen,  
Siv Kvernmo og  
John M. Erlandsen.  
Redaksjonen avslutta 14.10-77

Organ for studentane ved  
Universitetet i Tromsø.  
Adresse: c/o Studentutvalet,  
Tollbuget 7 b, 9000 Tromsø.  
Trykt i 1000 eks. hos  
a/s Nye Troms,  
Moen i Målselv.

**NSU/Dg med klårt standpunkt: «Vi mener sjølsagt at det nettopp er i studentenes interesse at vi beholder eksamen og får et felles eksamensreglement.»**  
(Sit. frå veggavis til NSU/Dg.)

Avisredaksjonen synest det er bra at NSU/Dg. sjølv seier ifrå om kva slags side dei står på i kampen mot heile disiplinærreglementet, og kampen mot eksamensterror.

### Kva er eksamen - - og kvifor er han nyttig for borgarskapet?

For det første må vi slå fast at universiteta under kapitalismen er borgarskapet sine universitet, her skal dei utdanne arbeidskraft (Billig), som dei skal nytte i produksjonen for maksimal profitt.

Eksamen er borgarskapet sin måte å kontrollere at Studentane lærer det borgarskapet har avgjort skal vere innhaldet i faga, dvs. den borgarlege ideologien og kunnskapen som vert spreidd gjennom lærebøkene.

Borgarskapet treng eksamen som ein kontroll over kva vi har lært, for å sikre at alle studentane tileignar seg ideologien deira.

### Korleis reagerer studentane på eksamen?

For dei aller fleste er eksamen

ein terror, dei fleste føler presset til eksamen beinhardt. For mange er mykje av stoffet uinteressant, det er stoff som har lite med studentar eller vanlege folk sin kvardag og situasjon å gjere. Vi må lese borgarskapet sitt historiesyn, litteratur som inneheld eit reaksjonært kvinnesyn osv. Gjennom eksamenar skal det då avgjerast om vi har tileigna oss dette på ein tilfredsstillande måte for borgarskapet. Dette er eit vis for borgarskapet å undertrykkje studentane på.

### Kva er årsakene til at studentane fuskar?

Av ytre tilhøve kan ein nemne:  
a) lesepresset (å auke dette er ein av borgarskapet sine metodear for å få «lydige og flittige» studentar)

b) stramme tidsrammer

c) mange må ta seg jobb ved sida av studia (avdi dei får for lite lån-/nser å halde lånet nede).

d) må ha gode karakterar (lukka studium kor karakterane avgjer om du får halde fram, —

karakterane er og avgjerande om du får jobb). — Så seier NSU/Dg. at PF går inn for fusking til eksamen. **Det har PF aldri hevda.** Vi meiner at alle dei ytre tilhøva som er nemnt ovanfor er uttrykk for undertrykking av studentane på vis, og at problemet må løysast gjennom kollektiv kamp mot undertrykkinga. Fusking er ei kortsiktig, individualistisk «løy-sing», som oftast fører til straffeksjonar mot dei som fuskar (-og som NSU/Dg. meiner lyt straffast.)

### Kven tener/taper på at folk som fuskar vert straffa?

Slike disiplinærtiltak som straff for fusking, stiller borgarskapet sine problem i utdanningssektoren i eit grelt lys, -at dei må ha eit slikt «ris bak speilet» for at folk skal la vere å fuske. At borgarskapet «løyser» problema sine på dette viset, syner den uforsonlege motseiinga mellom borgarskapet og den vanlege studenten. -Eit slikt reglement vil føre til kraftig forverring av tilhøva for denne

gruppe studentar. Å verte utvist i 2 år (-eller annullering av eksamen), fører til at dei aller fleste må slutte studiet, noko som fører til problem med tilbakebetalinga av lån (på låg løn). For den gruppa som kanskje har størst sosiale problem frå før, vil ei slik straff føre til at desse problema vert kraftig auka. -Disiplinærtiltak mot fusk løyser ikkje noko problem (heller ikkje borgarskapet sine!!), men fører til aukt undertrykking av studentane.

**Til sist: Det at vi meiner at fusk ikkje løyser noko problem for den som fuskar, må ikkje få oss til å gå med på borgarskapet sin moraliserande peikefinger (fy! -- den som bryt loven, lyt straffast!) Men det er nettopp dette NSU/Dg. gjer, og difor fell dei ned på ei line som ikkje forsvarar studentane mot borgarskapet si undertrykking.**

**KAMP MOT HEILE DISIPLINÆRREGLEMENTET!  
NEI TIL EKSAMENSTERROR!**

## MISNØYE PÅ NORDISK

Mellomfagsstudentene på nordisk har hatt en aksjon for å forandre pensum og faginnhold. De sammenkalte til møte med lærerne og forlangte mindre norrønt og større vekt på moderne språkspørsmål.

Vi som startet på nordisk mellomfag i høst og hadde bestemt oss for å vie enda et semesters arbeid til norsk språk og litteratur ble nokså skuffet.

Nordisk er som de fleste språkfag delt i en litteraturodel og en språkdelen som forutsettes å ta like deler av studietida. Vi var stort sett fornøyd med litteraturodelen som bygger videre på grunnfagsundervisninga og gir mulighet for teoretisk studie og en større fordykning i hvert enkelt verk.

Når det gjaldt språkdelen derimot føltes det etter å ha fulgt undervisninga en stund som om man var begynt om igjen på grunnfagspensum. Her var nok en saga på originalspråket, nok en gjennomgang av norsk språkhistorie fram til reformene i vårt århundre, 6 nye målføreprøver osv.


Vi savner en utvikling i språkstudiet fra grunnfag til mellomfag, dessuten synes vi at norrønt har fått en altfor stor plass innen språkdelen. I tillegg til en saga på originalspråket skal

man på dette ene semesteret gjennom 15 sider unormalisert gammalnorsk tekst pluss 80 strofer eddadikt, også på originalspråket. Dette er særdeles tidkrevende og særdeles meningsløst arbeid. Ja, vi føler det faktisk meningsløst å bruke så mye tid og krefter på å forstå og rekonstruere et dødt språk i stedet for å studere aktuelle språkspørsmål, språksosiologi, analyse av reklamespråk osv. Til moderne språkspørsmål er ikke avsatt en eneste undervisningstime på nordisk mellomfagsplan, og det synes vi er temmelig drøyt.

Ettersom misnøyen var utbredt blant samtlige studenter på mellomfag, sammenkalte vi til et møte oss i mellom hvor vi diskuterte situasjonen og prøvde å komme fram til et forslag til endringer for gjeldende studieplan. Deretter innkalte vi lærerne til et møte med studentene. Dette ble avholdt 19/9 og det viste seg i diskusjonens hete at meningene var delte blant lærerne om berettigelsen av våre protester: «Man kan simpelthen ikke forstå noe, hvis man ikke forstår norrønt!!», eller «Da vi var studenter...» osv.

Det hele føltes nokså håpløst, og vi vendte slukøret tilbake til

## HVEM HAR RYDDA VEGG-AVISA PÅ ODD BERG?



Denne veggavistavla på Odd Berg ble omtrent totalt rydda for veggaviser fredagskvelden den 7.

Fredagskvelden den 7.10 ble veggavistavla på Odd Berg totalt rydda for veggaviser. Veggavisene ble lørdagsmorgen funnet sammenkrollet i søppelboksen på

OB. Hvem er det som driver direkte sensur av meninger ved å fjerne opphengte veggaviser? Hvem er det videre som gir blaffen i og trækker på den rett og frihet folk har til å komme med

sine meninger?

Er det så å forstå at det er innført politisk sensur på Odd Berg uten at studentene er blitt gjort kjent med dette?

gammalnorskbøkene noen illusjoner fattigere angående demokratiet på universitetet.

Men i disse dager hviskes det om et møte i plankomiteen på nordiskseksjonen hvor man visstnok skal diskutere studentenes forslag og se hva man kan gjøre. — Kamp nytter?

Anne Lind Nordisk Mellomfag

## Melding om neste avis:

Neste nummer av studentavisa vil kome ut omkring 20. nov-

FRIST FOR SØKNAD OM STØNAD TIL STUDENTFORENINGAR:

Fristen for søknad om stønad til studentforeningar for haustsemesteret 1977 er sett til 4. november. Studentutvalet

ember. Vi vil då ta ror oss valet til nytt Studentutvalet, suppleringsval til Studentavisa, NSU/dg.

I denne samanheng vil dei politiske grupperingane som stiller til val, kunne presentere sine plattformer.

I tillegg ber vi folk skrive om ting som hender rundt omkring på institutta.

Frist for innlevering av stoff er satt til 7. november. Redaksjon



# Nordnorsk Målungdom: TA NYNORSKEN I BRUK!

Norsk Målungdom er ein landsomfattande organisasjon med om lag 60 lokallag som til saman har 2600 medlemmer. Desse lokallaga er organiserte i distriktsorganisasjonar med eigne styre. Nordland, Troms, Finmark og Svalbard hører med til Nordnorsk Målungdom. Student-avisa ville vite litt meir om denne organisasjonen og hadde i samband med det ein samtale med forkvinna, Ingebjørg Forberg.

**- Kor har organisasjonen lag i dag?**

- I Nesna, Bodø, Vågan, Harstad, Målselv og Tromsø. Laget vårt i Lenvik ligg dessverre for tida nede. Elles har vi eit nært samarbeid med det nyskipa Norsk Soldatmållag som har dei fleste medlemmene sine i Nord-Noreg.

Av laga er Tromsø Målungdom eldst. Det vart skipa i 1973 og heitte da Tromsø Student og Elevmållag. Elles har vi gode kontaktar spreidde over heile landsdelen men nye lag reknar eg ikkje med på denne sida av jul. - Det einaste måtte da vere at det gamle elevmållaget på lærarskolen her i Tromsø vart oppattskipa. Elevmållaget der, Heimhug, kjenner nok dei aller fleste av dei eldre målfolka i Nord-Noreg til.

**- Når vart Nordnorsk Målungdom (NNMU) skipa?**

- Vi hadde skipingsmøte i Vågan i vår der det forutan utsendingar frå alle lokallaga også var ein god del observatørar frå ymse skolar. Vi vedtok der eigne lovar for NNMU, valde eit styre som for dette året sitt i Tromsø m.m.

**- Studiearbeidet?**

- Det har nok vore ein del forsømt, men tendensen no i haust ser ut til å gå i rette leia.

**- Kva er dei viktigaste arbeidsoppgåvene?**

- Det er sjølv sagt å arbeide for at flest mogeleg tar nynorsken i bruk skriftleg og at folk fritt får bruke dialekten sin. Når det gjeld det siste, er det nemleg ikkje tvil om at ein god del av pressa indirekte eller direkte til å legge om talemålet sitt mot eit meir eller mindre bokmål.

**- Meir konkrete oppgåver?**

- Vi har vore med og arbeidd for å få til nynorske parallellklassar i Tromsø

Vi greidde det imidlertid ikkje i år fordi vi kom for seint i gang med aksjonane - vi snakka med for få foreldre!



**- Men er det realistisk å rekne med nynorskklassar her i Tromsø?**

- Ja, absolutt! I Tromsdalen har vi ein på andre klassesteget med 14 elevar. I år nådde vi som sagt for få foreldre slik at vi til dømes i denne skolekrinsen mangla to på å nå minstegrensa på 10 elevar som departementet har sett for ein slik parallellklasse. Vi har no



Frå Nordnorsk Måltung som forlauparen til styret i Nordnorsk

Målungdom, Arbeidsutvalet for Nord-Noreg, arrangerte i Tromsø

i fjor haust med eit deltakartal på 65. Eldste deltakar var 96 år!

## — Læremiddelaksjonar i år og!

prioritert opp dette arbeidet så til neste haust skal det nok gå. Vi må mellom anna arbeide mykje med å gjere foreldra merksam på at de har høve til å velje nynorsk for barna sine. Dette er det mange foreldre som ikkje er klar over. Det kjem m.a. av at skolekontora har vore heller slappe med å gje denne informasjonen. Elles kan eg opplyse at vi i november skal ha eit skolemålsseminar i samarbeid med Troms Fylkesmållag. Det vert enten i Harstad eller Målselv.

**- Kven er dei hardaste «motmennene» til målsaka?**

- Ja da vil eg mellom anna nemne Staten som ikkje løyer nok pengar til at måljamsstilling kan gjennomførast i skolane våre til trass for at dei sjølve har vedtatt

det. LO er og ein stor måltynar. Alt materiell og skriv frå dei er så å seie kjemisk reint for nynorsk. Krav frå fleire fagforeiningar om at administrasjonen i LO måtte byrje bruke meir nynorsk i skriv m.m. til medlemmane sine, vart t.d. på siste LO-kongress putta bort i ein eller annan komite. Elles så har vi da Riksmålsforbundet. Dei seier at dei elsker dialektane, men det er same form for elsk som slaktaren har for lammet.

**- Dei siste haustane har målungdommen hatt aksjonar for nynorske læremiddel til same tid og same pris. Vert det slike aksjonar i år?**

- Ja. Eg kan mellom anna opplysa at over 30 skolar er ute i bokboycott. Det vil seie at dei

brakar ikkje ei eller fleire bøker som ikkje også ligg føre på nynorsk. Elles arbeider vi med å skape ein sterk opposisjon mot Stortingsmelding 16 «Om spesielle tiltak for å bedre tilgangen på parallellutgaver av lærebøker for små «elevgrupper» som ikkje innfrir nokon av dei krava som «Aksjonsnemnda for språkleg rettferd i skolen» har stilt og som både nynorskelevar og bokmålslevar har demonstrert for i fleire år no.

**- Og kontakt med NNMU får ein...?**

- Mellom anna ved brev til postboks 1082, 9001 Tromsø, seier forkvinna i Nordnorsk Målungdom til slutt.

## Komplett!

BBB er bokreolen som De får kjøpt hos bokhandleren. BBB er kjent som en bruksriktig og stilig reol, og De kan bygge den ut, seksjon for seksjon, akkurat som det passer Dem. Nå tilbyr vi også skap til BBB, slik at De kan lage en hel veggseksjon. Hos oss får De en brosjyre som forteller mer om de mulighetene BBB-reolen gir.



Produsent:  
EIDSVOLL RIVEFABRIKK AS

**BBB**  
reolen

får De hos

**UNIBOK**

UNIVERSITETSBOKHANDEL

Boks 761 Tlf. 8 10 12

9001 TROMSØ

## SAMLIV, FAG OG KULTUR

Ettersom redaksjonen i Student-avisa har valgt seg temaet kultur når studentene står overfor ei hel rekke av faglige disiplineringstiltak fra staten, skal jeg fortelle ei historie fra virkeligheten om faglig/kulturelle uttrykksformer. Det skjedde i Bergen i 1975:

Ei gruppe medisinerer tok initiativ til ei informativ kunstutstilling om abort, prevensjon og kjønnsjukdom. Elever ved kunst og håndverkskolen i Bergen tok opp ideen og det utviklet seg diskusjoner om bruken av faget. - Medisin, grafikk og tekstilforming ble til utstillinga «Samliv». Den ble satt opp i Bergen Kunstforening i februar 77.

Hensikten med utstillinga er ved hjelp av informasjon å trenge gjennom muren av tabuer omkring samlivet mellom mennesker - både psykiske og fysiske barrierer. Dette skjer ved at kunstneren synliggjør temaet på en måte som kanskje når fram bedre enn bare planjer, tabeller, statistiske kurver etc. Kunst-håndverkere har latt seg under-vise av medisinerstudenter om hvordan kroppen fungerer for så å uttrykke sin viten.

Et flertall av de som arbeidet med denne utstillinga var kvinner, og ei av de som deltok sier i samlivsavisa som ble gitt ut før utstillinga: «Jeg er forbauset over hvor mye i en kvinnekropp man ikke vet noe sikkert om. Er det igjen et speilbilde av manns-samfunnet?».

Språk har ei faglig side, men allermost ei kulturell side. Ja at

språk er makt skjønner vi lett når vi tenker på tema som abort, prevensjon og kjønnsjukdom. «Vi har jo ikke norske ord som ikke ansees som vulgære, - seier en av de som laget utstillinga, «Ordboka bruker et uttrykk som «det mannlige lem». Da synes jeg også man burde kalle nesene «det menneskelige lukteorgan».

Det arbeid som her er lagt ned har fått ringvirkninger langt utover den tradisjonelle fin-kulturen. En fritidsklubb i Bergen har laget et teaterstykke som heter: «Hvorfor lærte dere oss så lite?», og filmklubben har satt opp flere filmer om samliv. Ei kvinnegruppe i Tromsø, sprunget ut av Samarbeidsbevegelsen fra 8. mars tok initiativ overfor kunstforeninga her for å få satt opp utstillinga i Tromsø i høst, og utstillinga vil bli satt opp fra 6.-13. november. To av de kvinnelige kunstnerne som har vært med på utstillinga kommer oppover. De ønsker støtte fra medisinerstudenter til veiledning på formiddagene da utstillinga vil være åpen for skoleklasser. Det vil ellers bli ulike arrangement knytta til temaet samliv om kveldene, bl.a. en debattkveld med følgende ramme: Ungdom, Samliv - Ansvar. Informasjon og veiledning i Tromsø kommune. Eksemplet «samliv» er en god ide til riktig bruk av fagene. La oss derfor støtte utstillinga på alle måter også ved å ta opp vår egen faglige praksis i en samfunns-messig sammenheng. Interesserte kan henvende seg til

## praxis 30

tidsskrift for skole og samfunn nr 5 1977 6 årgang kr. 10.



HELE FOLKET PÅ SKOLEBENKEN?

Temanummer om voksenopplæring: Om yrkesopplæring for voksne, om AOF, om Hammerverkarbeiderne. Hans Fredrik Dahl om elektronisk kulturrevolusjon. Les også om Piaget, nynorske læremidler, arbeiderbevegelse og skole, yrkesforbud m.m. Narvesen — nå!

Jeg tegner abonnement for ett år kr. 50.-

Navn: .....

Adresse: .....

Betalt, postgiro 201204

(merk talongen Praxis)

Send i oppkrav (gebyr

kr. 3.60)

Sendes Praxis, Gøteborggt. 8, Oslo 5.

Lill Mensen 74 kullet medisin  
Eva Albert 74 kullet medisin  
Grete Vidar 77 kullet medisin

Else Bottengård  
Biologi



# EI UUNNVÆRLIG BOK

Bind 5 av Verker i utvalg av Mao Tsetung foreligger nå på engelsk (oktober bokhandel). I løpet av høsten vil Forlaget Oktober utgi en norsk oversettelse av denne viktige boka. Bd. 5 inneholder tilsammen 70 artikler av Mao fra perioden september 1949 - til og med 1957. 46 av artiklene er ikke offentliggjort tidligere.

## 4-banden saboterte utgivelsen

Men hvorfor er ikke dette femte bindet blitt utgitt 10 - 15 år tidligere, vil kanskje noen spørre.

Det er to grunner til det. For det første. Formann Mao tillot aldri at et samla utvalg av skrifterne hans blei utgitt før de var prøvd i et visst tidsrom. På denne måten kunne man gjennom praksis få bekrefte at Maos vitenskapelige oppsummeringer av klassekampen i Kina og internasjonalt var korrekt. For det andre. I 1969 fikk Chou En-lai og Kang Sheng i oppgave å utarbeide dette femte bindet. Men innblanding og sabotasje først fra Lin Piao og Chen Po-ta og siden 4-banden, hindra i mange år at bindet blei ferdig og utgitt. 4-banden arbeida de siste åra før Maos død febrilsk for å få kontrollen over arbeidet med bd. 5 og saboterte utgivelsen av det. Slik ser vi hvordan disse folka som sto fram som «teoretikere», som ledere for masse-skoleringskampanjens., aktivt hindra at de kinesiske massene fikk studere disse viktige verka av Mao. Først etter at 4-banden blei knust, blei det fart i arbeidet med bd. 5. Og et halvt år etter vedtaket om utgivelsen lå boka i butikkene. Til nå er det spredd over 200 mill. ex. bare i Kina, og kineserne har innlede ei stor studiekampanje på dette 5. bd. av Maos skrifter i utvalg.

## Grunnbegrepet i bd. 5.

Så langt om bakgrunnen. Men hva inneholder så dette bindet? Formann Hua Kuo-feng har slått fast at «grunnbegrepet som preger hele dette bindet, er å hevde og utvikle det marxistiske prinsippet om å fortsette revolusjonen og etter proletariatets erobring av den politiske makt å gå over fra demokratisk revolusjon til sosialistisk revolusjon og gjennomføre den under proletariatets diktatur».

## Den ny-demokratiske revolusjonen

I 1949 seira den ny-demokratiske revolusjonen i Kina. Under ledelse av KKP blei folkets demokratiske diktatur leda av proletariatet oppretta. Dette var i realiteten en form for proletariatets diktatur. Staten tok øyeblikkelig kontroll med de livsviktige forbindelseslinjene i den nasjonale økonomien, men fortsatt fantes det kapitalistisk eiendom i stor stil, og i jordbruket dominerte den individuelle eiendomsretten. Artiklene fra de tre første åra er prega av bevegelsen for å gjenreise den nasjonale økonomien, for jordreform og motstanden mot USA-aggresjonen og for å hjelpe Korea.

## Den sosialistiske revolusjonen

Men straks etter at jordreformen var fullført, begynte arbeidet med å forvandle eiendomsretten i sosialistisk retning. Mao slo allerede før den endelige frigjøringa fast at hovedmotsigelsen etter seiren ville være «motsigelsen mellom arbeiderklassen og borgerskapet». Derfor var oppgava å gå direkte over til å gjennomføre den sosialistiske revolusjonen etter at den demokratiske revolusjonen var fullført. Mao stilte oppgava slik: «Å ødelegge den kapitalistiske eiendomsretten, forvandle den til sosialistisk eiendomsrett for hele folket og utslette individuell eiendomsrett, ved å forvandle den til sosialistisk kollektiv eiendomsrett.»

Men ikke alle i Kina og i KKP ønska å gå videre og gjennomføre den sosialistiske revolusjonen, og Mao måtte føre en hard kamp mot disse høyre-folka. Flere av artiklene i bd. 5 inneholder skarp kritikk av folk som Liu Shao-chi som ikke ville gå videre mot sosialismen, men i stedet i praksis ville føre Kina inn på den kapitalistiske vegen.

## Klassekampen fortsetter

I 1956 var den sosialistiske omforminga av eiendomsretten i hovedsak fullført gjennom opprettinga av folkekommunene. Og spørsmålet reiste seg: Hva nå med klassekampen? Ville den fortsette, eller ville den dø ut slik Liu Shao-chi og Chen Po-ta hevda?

Mao svarer i bd. 5: «Klassekampen mellom proletariatet og

borgerskapet, klassekampen mellom de forskjellige politiske kreftene og klassekampen mellom proletariatet og borgerskapet på det ideologiske området kommer fortsatt til å være lang og innvilla og til tider svært skarp.» .. «I alt vesentlig er det sosialistiske system oppretta i landet vårt. Vi har vunnet grunnleggende seier med omsyn til å forvandle eiendomsretten til produksjonsmidla, men på den politiske og ideologiske fronten har vi ennå ikke vunnet full seier.»

Mao oppsummerte erfaringene fra Sovjet Unionen og fra kampene i KKP i 54 og 57 og slo fast at under sosialismen finnes fienden ikke bare utfor, men også innafor partiet. «Det forbryterske målet til denne partifientlige alliansen (Kao Kang og Jao Shu-shi) var å splitte partiet vårt og erobre den øverste makta i partiet og staten ved konspiratoriske midler, og dermed bane veg for ei kontrarevolusjonær gjen-erobring».

På denne måten løste Mao problemet med å forhindre kapitalistiske restaurasjon: Ved å mobilisere massene til å fortsette å føre intens klassekamp mot borgerskapet både innafor og utafor partiet. Også etter at den sosialistiske omdanninga er fullført. Det er denne teorien som Mao i 60-åra utvikler videre gjennom Den Store Proletariske Kulturrevolusjonen. Dette bidraget fra Mao til den marxistiske teorien er av uvurderlig betydning, og den blir utvikla her i bd. 5.

## Utviklinga av produktivkreftene

Bd 5 er også prega av hvor stor vekt Mao la på å utvikle produktivkreftene. Revolusjonen både i overbygninga og produksjonsforholda har som mål å frigjøre produktivkreftene og øke farta i utviklinga av produksjonen. Og allerede i 56 stiller han som oppgave å ta igjen USA innen 50-60 år.: «Dette er en forpliktelse. Dere har en stor befolkning, et veldig territorium, og rike ressurser, og hva mere er, det sies at dere bygger sosialismen, som skal være overlegen. Hvis dere etter stor ståhei om 50 eller 60 år fortsatt ikke er i stand til å ta igjen USA, for et ynkelig syn dere kommer til å være da! Dere ville bli fordrevet fra jordas overflate. Derfor er det ikke bare

mulig, men absolutt nødvendig og en forpliktelse. Gjør vi ikke det, svikter vi, den kinesiske nasjonen, verdens nasjoner, og vi kommer ikke til å yte noe særlig bidrag til menneskeheten». Slik stilte Mao oppgava i 56, og det er denne oppgava kineserne i dag slåss for å løse etter langvarig sabotasje fra 4-banden. Kanskje en av grunnene til at de saboterte utgivelsen av dette bindet?

## Vurderinga av Stalin

Bd. 5 inneholder også vært mye nytt og banebrytende materiale i forbindelse med kampen mot den moderne revisjonismen og Khrustsjov-klikken. I flere artikler kritiserer Mao skarpt feil som S-U. under ledelse av Stalin gjorde. Han kritiserer den feilaktige løsninga av motsigelsene mellom tungindustri, lettindustri og jordbruket. Han kritiserer feil Stalin gjorde i forholdet til Kina og metafysiske feil Stalin gjorde i filosofien osv.

Men Mao er krystallklar på spørsmålet om vurderinga av Stalin. Han sier: «Sentralkomiteens syn er at feila til Stalin bare er 30% av helheten, og bragdene hans er 70%. Når alt blir tatt i betraktning var Stalin en stor marxist-leninist». Og videre: «I samfunnsvitenskapene og i marxismen-leninismen må vi fortsette å studere Stalin flittig overalt der han har rett».

## 20. partikongressen i SUKP

Mao vakla heller ikke et øyeblikk på vurderinga av SUKP's 20. kongress der Khrustsjov erobra makta. Om den sier Mao: «Jeg tror der er to «sverd»: det ene er Lenin og det andre er Stalin. Stalins sverd er nå blitt vraka av russerne.... Vi kinesere har aldri kasta dette vekk. For det første beskytter vi Stalin, for det andre kritiserer vi på samme tid feila hans....

Når det gjelder Lenins sverd, er ikke det også i en viss utstrekning blitt vraka av noen sovjetiske ledere? Etter mitt syn er det blitt vraka i en betydelig grad. Er Oktoberrevolusjonen fortsatt gyldig? Kan den fortsatt tjene som eksemple for alle land? Khrustsjovs rapport på den 20. kongressen i SUKP sier at det er mulig å vinne statsmakta ved den parlamentariske vegen, dvs. det er ikke lenger nødvendig for alle land å lære av Oktoberrevo-

lusjonen. Men en gang denne porten er åpna, er Leninismen i det store og heile kasta vekk». Og Mao slo fast om forholdet til KKP: «Etter mitt syn er strid uunnngåelig». Ingen som er oppriktig interessert i å studere KKP's og Maos syn på utviklinga i SU og de lærdommene de trakk av dette negative eksemplet, kommer utenom bd. 5 av Mao.

## Den dialektiske metoden og masselinja

La meg til slutt peke på to ting som gjennomsyner heile boka, og forsåvidt Maos sjøl:

For det første: Den dialektiske metoden. I artikkel etter artikkel understreker Mao at «Alt i verden er en enhet av motsetninger», og han slår fast nødvendigheta av å se begge sidene i en motsigelse og mobilisere massene for den riktige linja når en skal løse motsigelser. Flere av artiklene, f.eks. De ti viktigste forholda, demonstrerer hvordan Mao på en mesterlig måte anvender den dialektiske metoden for å analysere ulike spørsmål.

For det andre: Stol på massene. «Det ville være svært farlig å la være å stole på massene i å føre klassekamp og la være å trekke en klar skillelinje mellom folket og fienden», sier Mao. Og heile bd 5 er gjennomsyra av Maos uutmømlige tiltro til massene og hvordan han går i spissen for å mobilisere millionmassene til å fortsette revolusjonen under proletariatets diktatur.

## Studer bd. 5 av Mao!

Hundrevis av millioner kinesere studerer i dag dette 5 bd. av Mao. Dette er et uttrykk for og en garanti for at kineserne og KKP under ledelse av Formann Hua Kuo-feng fortsetter klassekampen og fortsetter å jobbe etter Formann Maos linje. Også for kommunister og alle progressive i Norge er det svært viktig å studere dette bindet. Grundige studier vil bedre grepet vårt om marxismen-leninismen-Mao-Tse-tungs tenkning kvalitativt. Det vil gi oss nøkkelen til å skjønne det som skjer i Kina i dag. Bind 5 av Verker i utvalg av Formann Mao Tsetun er ei uunnværlig bok.

Hans Evju.

## Makelaus forteljing frå Sovjet etter revolusjonen: Les historia til Pavel Kortsjagin!

Oktober Forlag er ikkje «berre» Materialismen om empirio-kritikismen» av Lenin eller «Spørsmål i leninismen» av Stalin. Det er og ny norsk arbeidardiktning og romanar frå den gongen Sovjet var den første sosialistiske staten i verda.

«Hvordan stålet ble herdet» av Nikolaj Ostrovskij er ein slik roman. Boka vart først gitt ut på norsk i 1950. I 1972 ga Oktober forlag ho ut på nytt.

Det vi får høyre, er historia til Pavel Kortsjagin. 12 år gammal blir han vist ut frå skolen i ein liten by i Ukraina og tek til som oppvaskhjelp på kjøkkenet på jernbanestasjonen. Ikkje akkurat eit liv å rope hurra for.

Intervensjonskrigane raser i den nye Sovjetstaten, troppe-transporttogg og pansertog passerer stendig stasjonen. Ulike styrkar veksler om herredømme over området Pavel bur i, bolsjevikane erobrer byen men

må trekkje seg attende....

Pavel får sjå jødepogromar på nært hald, og han møter bolsjevikken Sjukhraj, som fortel om sosialismen og om Lenin.

Seinar reiser Pavel sjøl i krigen. Andre delen av boka skildrar arbeidet hans som kommunist etter krigen, i Komsomol, ungdomsforbundet. Vi får høyre om klassekampen innafor partiet, om oppgjeret med trotskistane.

«Hvordan stålet ble herdet» er ei utruleg sterk og levande skildring. På same tid ei augevitneskildring av dei første åra i Sovjet etter Oktober-revolusjonen og ei søge om forbitra klassekamp, om korleis ein kommunist veks fram, korleis stålet blir herda.

Boka er uhyre spanande, og full av kjærleik.

Eg lover nye lesarar eit problem: Det blir ikkje lett å få sløkt nattbordlampan i rett tid.

A.

## Kampen om norsk EF-medlemskap

Gleditsch/Hellevik:  
Kampen om EF  
Pax Forlag 1977,  
340 sider

25. september 1972 vil bli husket både av tilhengere og motstandere av norsk EF-medlemskap. Da seiret motstanderne etter en hard og til dels bitter politisk strid. I dag er EF-striden historie. Men fortsatt ser vi etterdønninger i norsk politikk og samfunnsliv.

EF-striden avdekket en kløft mellom velgere og valgte representanter. Det etablerte Norge sa ja. Tilhengerne dominerte de to største partiene og hadde et stort flertall på Stortinget. I opinionskampen hadde EF-tilhengerne størst tilgang til de tradisjonelle kanaler for påvirkning, slik som massemedia og de fleste økonomisk sterke organisasjonene. Motstanderne hadde først og fremst mye fotfolk og frivillige, sammen med startkapital fra landbruksorganisasjonene og etterhvert også midler fra grunn-

organisasjonene i arbeiderbevegelsen.

Boka «Kampen om EF» som nå er kommet på Pax, tar opp denne kløften mellom de styrende og de styrte. Og den gjør det mer grundig enn noe annet som er skrevet om denne spennende tida i norsk etterkrigshistorie. Forfatterne Nils Petter Gleditsch og Ottar Hellevik var begge engasjert i EF-striden og ble velkjente som kommentatorer til utallige opinionsundersøkelser mens striden varte. Begge forfattere har tidligere gjort flere arbeider om norsk samfunnsliv etter krigen. De er også tidligere Pax-forfattere med bøker som «Norge i verdenssamfunnet», «En statistisk håndbok», «De utro tjener - om embetsverket i EF-kampen» og «Stortinget - en sosial elite?»

Med «Kampen om EF» har de to samfunnsforskere levert en framstilling av tida før og omkring den 25. september 1972 som vil bli stående som en milepæl i lang tid framover.





# «Deep Sea Thriller»

## —eit drivande godt stykke om oljepolitikken



Tromsø fekk i haust vitjing av Tramteateret og stykket «Deep Sea Thriller». Teateret hadde ei framifrå syning av korleis oljepolitikken fungerer her i landet. At stykket hadde vakt stor interesse hos folk og at dei tydeleg var opptekne av olja, synte det store frammøtet på alle forestillingane. Og synd var det at ikkje alle slapp inn for å sjå korleis eit teater kan fungere progressivt og godt.

Tramteatret er ei fri teatergruppe som arbeider med politisk musikkteater. Dei seier sjølv at det viktigste er ikkje teateret i seg

sjølv, men kva teateret kan skape av diskusjon og kritikk.

«Vi trur ikkje at politisk teater kan reformere verda, men vi trur

at det kan stille spørsmåltekn ved viktige saker, gjere motsetnadene klarare, vere med på å få folk til å ta progressive standpunkt. Vi ynskjer å arbeide i kontakt med dei menneske og det miljøet vi skildrar, freister å leggje deire egne røynsler til grunn for det vi seier.

Det norske samfunnet er eit klassesamfunn. Vi vil stille oss på den undertrykte klassen si side. Vi vil vere med på å arbeide for eit sosialistisk Noreg..

Dette var Tramteatret sine egne ord om kva som er teatret si rolle.



Deep Sea Thriller er Tramteatret sin første produksjon. I dette stykket freister dei å vise folk korleis oljepolitikken vert dreven i dag av staten og oljekapitalen. Dette tykkjer vi dei har greidd på ein framifrå einestående måte.

Oljepolitikken er eit viktig fundament for kapitalismen i dag! og olja har store ringvirkningar for det norske samfunnet, og det som skjer rundt den og med den vert mystifisert og løynd..

Tre dagar før premieren av Deep Sea Thriller skjedde utblåsinga på Ekofisk. Denne heninga gjorde det umogeleg å avfeie stykket som «spøkeriar som unge

idealar plagast med tide og utide».

Forestillinga er kunstnerisk gjennomarbeid og dokumentarisk omhyggeleg, på same tid som ein kan seie at den politiske satiren er vunne attende i norsk teater. Fleire kritikarar er samde om at Deep Sea Thriller er den mest meningsfylde og viktigste teaterforestillinga i år.

Det er og verd å merke seg at medan norske teater tek i mot 75 mill. i offentlig stønad, så er Tramteatret på det næraste utan stønad. Trass i det så er det det teateret som har klart å kome dei sentrale økonomiske og politiske problem i landet nærast, og det på ein glimrande måte.



## OVERGANGER

### «Vekttal-saka» på --

ke 20 vekttal som kan inngå i en samfunnsvitenskaplig embetseksamen».

Dette må oppfattast som eit generelt prinsipp, noko som i praksis vil seie at dersom en har 20 vekttal, er det automatisk godkjent — utan krav til relevans eller heilskap over dei 20 vekttala.

**Kvifor er det så viktig å gå imot vedtaket i sentralt undervisningsutval?**

Denne saka må sjåast i lys av Ottosenkomiteen sine innstillingar (1966-70) Dette var det første forsøket på ei omfattande utdanningsplanlegging av høgre utdanning i Noreg. Her stod tre mål sentralt:

1. Nedkorting av gjennomsnittleg studietid.
2. Meir effektiv studieorganisering. (kurs/vektalsordning-I ar)
3. Skilje undervisning og forskning.

Som en krumtapp i forsøket på å realisere dette vart dh-skolane oppretta. Ein satsa på sterk utbygging av desse, medan planane til endring av universiteta førebels vart lagt på is. Stortingsmelding 17 1974/75 om organisering av den høgre utdanninga kom og gjorde dh-skolane til grunnstamma i eit regionalt høgskolesystem. DH-systemet er no ein etablert del av vårt utdanningssystem — ein del som skal nyttast som brekkstang for endring på universiteta.

På universiteta merkar ein no ein rekke reformframlegg — dei fleste går på endring av studiestrukturen. (gradkomiteen, cand. mag. komiteen)

Ein aukande tendens er å gjere studia meir fleksible — i mange tilfeller vil det seie splitta faga opp i mindre kurs/emner slik at ei kopling mellom emner/fag lettare vert mogleg. Dette er ikkje hovudsakleg ut frå eit ynskje om å spare pengar og få betre styring og kontroll. På dh-skolane er dette kjente tonar. Heilt frå starten har studentane, gjennom interesseorganisasjonen DHL kjempa mot små-kurs og vektalsordningar og stilt krav om heilskapelege fag. Denne kampen har vore støtta av NSU og har hatt brei støtte på universiteta.

Ein støtte til vedtaket i sentralt undervisningsutval er eit brot på denne politikken, og i praksis ei akseptering av vilkårlege samansette kurs/vektal.

**Kva med DH-studentane?**

Både T.S. og leiande PF representantar argumenterar for vedtaket i SU med at det er det vedtaket som sikrar dh-studentane sine interesser. Vi meiner dette er eit farleg utgangspunkt for å ta standpunkt i saka.

KVA er dh-studentane sine interesser? — Kven definerar dei? — Er dei eintydige, eller er det krava frå interesseorganisasjonen DHL de meiner det er i tråd med?

Vårt standpunkt er eit resultat av ein utdanningspolitisk analyse

— i hovudsak den same som låg til grunn for avvisinga av Ottosenkomiteen, st.meld. 17 og nr Grad- og Cand.mag. komiteen. Har ein ikkje ein slik analyse kan ein fort ta feil, eller det kan i det heile vere vanskeleg å ta standpunkt.

Kompetansegodkjenninga av dh-studier må sjåast i lys av at det grovt sett er to typar studier ved desse skolane:

1. «tverrfaglege» yrkesretta studier.
2. grunnfagsstudier i meir eller mindre tradisjonelle universitetsfag.

Arbeid med godkjenning av desse studiene har pågått i mange år. Nasjonalt Koordinerende Utval (NKU) handsamar godkjenningar i universitetssammenheng og ulike halvdepartementale

organ og departement godkjenner yrkeskompetansen.

Dette arbeidet må etter vårt syn intensiverast, då ei klargjering av kompetansen ved dh-skolane er viktig. Ei vurdering av kva konsekvensar det vil få om dh-systemet vert underlagt eksamenslova må vi også gjere.

I allefall, måten T.S. og sentralt undervisningsutval vil løyse desse problema på er ikkje den faglege og utdanningspolitiske forsvarlege vegen å gå.

Det saka gjeld er alså retningslinjer for framtidig innpassing av andre fag/emner i det samfunnsvitenskaplege studiet.

NSU-delegatgruppa meiner at kampen for heilskapelege studier, mot strek oppsplitting av faga og fleksible overgangsordningar, ikkje er over.

Vårt standpunkt er ein del av den kampen og ei støtte til studentar som kjemper for det same på andre fag og skolar.

